



Arkivsaksnr.:
2020/12028

Dokumentdato:
25.01.2023

Styre:
Universitetsstyret

Styresak:
8/23

Møtedato:
02.02.2023

Årsrapport for Universitetet i Bergen 2022 - Utkast til styrets beretning

Henvisning til bakgrunnsdokumenter

- [Styresak 7/22 Tildelingsbrev2022.pdf](#)
- [Styresak 123/21 Budsjett UiB2022.pdf](#)

Saken gjelder:

I henhold til tildelingsbrevet fra Kunnskapsdepartementet (KD) skal UiB levere årsrapport for 2022 til departementet innen 15. mars 2023.

Styrets beretning er det innledende kapitlet i årsrapporten. I tråd med departementets føringer skal beretningen inneholde følgende hovedmomenter og signeres av hele styret:

- Styrets overordnede vurdering av samlede resultater, ressursbruk og måloppnåelse for 2022
- Kort omtale av sentrale forhold, interne og eksterne, som har hatt betydelig innvirkning på oppnådde resultater
- Overordnet fremstilling av de viktigste prioriteringene for 2023

Departementet anbefaler å begrense omtalen til to sider.

Formålet med denne saken er å ha en innledende drøfting i styret om innholdet i styrets beretning. Universitetsdirektøren legger på dette grunnlag fram et første utkast til beretning, slik at styret får gitt sine innspill før årsrapporten skal endelig behandles og vedtas i universitetsstyrets møte 9. mars 2023.

Forslag til vedtak:

Universitetsstyret ber universitetsledelsen utarbeide endelig forslag til styrets beretning i tråd med styrets kommentarer.

Tore Tungodden
ass. universitetsdirektør

25.01.2023/Steinar Vestad

Vedlegg:
Utkast til styrets beretning

Årsrapport for Universitetet i Bergen 2022 - Utkast til styrets beretning

Styrets beretning

Viktige aktiviteter og resultat i 2022

Universitetet i Bergen (UiB) er eit internasjonalt forskingsuniversitet med lange vitenskaplege tradisjonar og med ansvar for å forvalte og utvikle ei stor breidde av fagdisiplinar. UiB er ein klassisk kunnskaps- og kulturberande institusjon basert på europeiske universitetsideal og med akademisk fridom som berande prinsipp.

Langsiktig og grunnleggjande forskning av høg internasjonal kvalitet og forskingsbasert utdanning er fundamentet for all vår verksemd. Den store faglege breidda gjev eit unikt høve til mobilisering, fordjuping og samarbeid på tvers av faggrensar i møte med kjende og ukjende utfordringane i framtida.

Inngangen til 2022 markerte slutten på tiltak knytte til covid19-pandemien. Nokre effektar kan framleis merkast. Særleg ser det ut til at pandemiltaka har verka inn på søknaden til mobilitetsprogramma, og på gjennomføringa av forskarutdanninga. I 2022 vart det gjennomført 219 disputasar, det lågaste talet sidan 2014.

Utvikling av gode rammevilkår for fagmiljøa, forskinga og dei vitenskaplege tilsette er særskild viktig. I 2022 er tilrådingane i rapporten UiB FRAM for å styrke rammevilkåra for forskinga systematisk følgt opp. I februar etablerte UiB eit karrieresenter for yngre forskarar, UiB Ferd.

Utvikling av verdsligande forskingsmiljø er ei sentral målsetjing for UiB. Åtte UiB-forskarar har fått ERC-tildeling i 2022. Særleg gledeleg var det at fire av dei var såkalla Starting Grants, som blir gjevne til særleg gåverike unge forskarar med forskingsprosjekt som har sjansar til å bli framifrå. To av prosjekta var innovasjonsstipend (Proof of concept-grants) som skal gje høve til å utvikle nye produkt og tenester ut frå tidlegare ERC-grunnforskningsprosjekt. Dette er dei første av slike stipend som er gjevne til forskarar ved UiB. I tillegg vart professor Eystein Jansen vald til visepresident i ERC, som den første norske professoren som går inn i leiinga i europeisk forskings elitedivisjon.

UiB fekk tildelt to nye Sentre for framstående forskning i 2022. Begge SFF-ane har sterke internasjonale partnarar. Det er dessutan viktig å merka seg at heile sju sterke forskingsmiljø ved UiB var med i runde to og dermed i realiteten vurdert som svært sterke med nyskapande forskingsspørsmål. Samla sett auka universitetet sine inntekter frå bidrags- og oppdragsverksemda med over 20 prosent frå 2021 til 2022.

Hausten 2022 var det til saman 18 900 registrerte studentar ved UiB, ein nedgang på 700 frå toppåret 2021. Gjennomføringa innanfor både bachelor- og masterprogramma er likevel betra i høve til tidlegare år. Samtidig viser resultatane frå 2022 ein nedgang både i talet på søkjarar, studiepoeng og kandidatar. Resultatane styrkar tidlegare analyser som seier at studentane under koronapandemien tok fleire studiepoeng og hadde mindre fråfall enn kulla før og etter pandemien.

Tilrettelegging for digital forståing og grunnkompetanse blant studentane har vore eit satsingsområde i 2022. UiB tilbyr nå, som første norske universitet, eit breitt utval studie-emne i digital forståing, kunnskap og kompetanse til studentar frå alle fagområde. Tilbodet omfattar tradisjonelle emne som programmering, men også IKT-sikkerheit, GDPR og personvern, kunstig intelligens og forholdet mellom data og demokrati.

Om lag 90 studentar fekk delta på eit unikt eventyr om bord på Statsraad Lehmkühl der dei, som del av jordomseglinga One Ocean Expedition studerte berekraft. Innhaldet studentane leverte frå skipet fekk stor nasjonal og internasjonal merksemd.

UiBs store og varierte fagportefølje gjer universitetet aktuelt på nær sagt dei fleste område. I 2022 fekk UiB, gjennom oppretting av senteret CENTEINOL, finansiert av Forskningsrådet ei viktig rolle i å styrke kunnskapen om samhaldet mellom europeisk og norsk rett. Andre døme er Norsk målføresynopsis som med si systematiske samling av 1300 dialekter frå heile Noreg har fått status som ein vesentleg del av Noregs dokumentarv og er den norske delen av UNESCOs «*Memory of the World-program.*»

UiB er eit nyskapande universitet. Møter mellom dyktige fagfolk, studentar og samarbeid med samfunnslivet bidreg til at forskning blir tatt i bruk på nye måtar. Bjarne Hansen og Gerd Kvale fekk i 2022 den prestisjetunge innovasjonsprisen til Forskningsrådet for sin behandlingsmetode av angstlidingar.

UiB bidreg med brei og omfattande kunnskapsformidling og samfunnsdialog. Kunnskapen og forskinga blir formidla og delt kvar einaste dag gjennom heile året. Samtidig får dei store formidlingsprosjekta mykje merksemd. UiB bidreg til dømes inn i ein ny Netflix-dokumentar om havet og det arktiske økosystemet, «Our Oceans». UiBs faglege leveransar til Store norske leksikon er eit anna døme. «UiBs artiklar» er lesne 6,2 millionar gonger det siste året. Heile 69 fagansvarlege og fagmedarbeidarar er knytt til UiB. Dei har til saman har ansvar for 162 fagområde og 8183 artiklar.

Universitetsmuseet haustar stor internasjonal anerkjenning. I 2022 vann Museet ein internasjonal pris for publikumsarbeidet sitt.

Det har også vore eit alvorstungt år - der krigen i Ukraina har prega både universitetsmiljøet og samfunnet. Av dei 1000 studieplassane regjeringa oppretta som følge av flyktningkrisa i Ukraina, fekk UiB 125 plassar. Mange av UiB sine forskarar har vore aktive deltakarar i samfunnsdebatten, for å analysere ulike temattikkar i samband med krigen.

Styring og kontroll

Gjennom tertialvise rapportar får styret jamleg oppdatering om gjennomføring av planar og budsjett. Styret meiner UiB har tilfredsstillande styring og kontroll, og forvaltar ressursane forsvarleg og effektivt. Utdringane knytt til innføring av nye løysingar levert av DFØ pregar framleis UiB. Problema blir adresserte både i leiarlinja, gjennom vernetenesta og tillitsvalde. Det blir arbeidd aktivt både på nasjonalt nivå og gjennom tiltak lokalt for å avhjelpa situasjonen og skapa handlingsrom for å betre løysingane

Styrets arbeid

Styret gjennomførte 7 ordinære og eit ekstraordinært styremøte og behandla handsama 111 saker i 2022.

Strategiprosessen er gjennomført som ein open prosess der universitetsstyret la rammene i februar 2022, dei tilsette og studentane har bidrege aktivt gjennom ei rekkje dialogmøte og i ulike kanalar for innspel. Det er gjort grundige analysar av UiBs posisjon, kvalitetar, utfordringar og handlingsrom under arbeidet, samtidig som viktige nasjonale og internasjonale trendar er gjennomgått. UiB har dialog med ei rekkje eksterne samarbeidspartnarar frå nærings-, samfunns- og kulturliv om ulike sider ved universitetsverksemda. Prosessen har vore omfattande og blitt tematisert på ulike måtar i alle styremøta. To dagsseminar har omhandla ulike tema som inngår i strategiarbeidet.

Ny strategi vart vedtatt i styremøte i februar 2023.

Utfordringar og planar for 2023

Den nye strategien «Kunnskap som former samfunnet» vil setje rammene for planane til universitetet for 2023. Strategien har eit langsiktig perspektiv med ei virketid over åtte år, frå 2023 til 2030, og er overordna, retningsgjevande for institusjonen.

Strategien er disponert med fire «hovudtema» som har egne visjonar og strategiske ambisjonar; «Forskning på høgt internasjonalt nivå», «Utdanning av høy kvalitet», «Kunnskapsformidling, samfunnsdialog og innovasjon» og «Universitetssamfunnet og organisasjonen UiB».

Ambisjonane i strategien er strukturerte etter dei lovfesta «samfunnsoppgåvene» til universitetet; forskning, utdanning og formidling. Desse tre områda heng tett saman med det konkrete og praktiske arbeidet der forskinga er føresetnaden for dei aller fleste aktivitetane ved UiB. Dei tilrettelagde aktivitetane identifiserer tema og tiltak som må arbeidast med for å nå ambisjonane.

Oppfølging av den reviderte masterplanen til universitetet for arealutvikling er framleis viktig. Arbeidet med nytt bygg for Griegakademiet og utvikling av «Nygårdshøyden sør» blir gjeve særskild prioritet.

Dei siste åra har UiB opplevd strammare økonomiske rammer på grunn av store rammekutt og låg kompensasjon for løns- og prisvekst. Dei auka energikostnadene er ei særskild utfordring som legg ekstra press på universitetet sin økonomi. UiB må og arbeide med kompensasjon for kuttet i budsjettet for internasjonale studentar, og sikre internasjonal rekruttering dei komande åra. Den samla økonomiske situasjonen gjer det utfordrande å prioritere nye viktige undervisnings- og forskingssatsingar i tida framover.

Fleire store, nasjonale prosessar vil ha prioritet ved UiB og ha innverknad på arbeidet til styret i 2023. Endringar i finansieringssystemet, Utsynsmeldinga, den planlagde gjennomgangen av forskningssystemet og ny universitets- og høgskolelov, vil alle påverke handlingsrommet til universitetet framover.

Bergen, xx.xx.2023

Margareth Hagen
rektor

Inga Berre

Mario de la Ossa Sætre

Morten E. Iversen

Jørgen Melve

Ingrid Borvik

Herlof Nilssen

Ingrid Ovidia Moe Telle

Steinar Vagstad

Shirin Ahlbäck Öberg

Marit Warncke

Robert Rastad
universitetsdirektør